



Norway Pelagic AS avd Kalvåg  
Kalvøya  
6729 Kalvåg

## Inspeksjonsrapport

### Inspeksjon ved Norway Pelagic AS avd. Kalvåg

Dato for inspeksjonen: 18.4.2012  
Rapportnummer: 2012.029.I.FMSF  
Saksnr. hjå Fylkesmannen: 12/1911 – 461.3

#### Kontaktpersonar ved kontrollen:

Frå verksemda: Per Røys, dagleg leiar Anja Liset, kvalitetsansvarleg Robert Nygård, ansvar teknisk/vedlikehald	Frå Fylkesmannen: Gunn Helen Henne Anne Sigrid Loftesnes Harjo
---	--

### Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten omhandlar avvik og merknader som vart konstatert hjå Norway Pelagic AS avd Kalvåg under inspeksjonen 18.4.2012.

Fylkesmannen avdekte 2 avvik og 1 merknad under inspeksjonen.

- Verksemda kan ikkje dokumentere at feittavskiljar er riktig dimensjonert i høve til produksjonsmengd.
- Verksemda sin feittavskiljar har ikkje tilfredsstillande reinsegrad
- Internkontrollen sine dokumenterte målsetningar som gjeld ytre miljø er for lite målbare og for lite konkrete til å kunne vurdere måloppnåing i etterkant.

Avvika og merknaden er nærare omtala frå side 4 og utover i rapporten.

Vi ber Norway Pelagic AS avd Kalvåg om ei skriftleg tilbakemelding innan **25.05.2012** på at avvika er retta, evt. ein tidfesta handlingsplan over tiltak som skal iverksetjast. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtala på side 2 og utover.

Med helsing

Anne Sigrid Loftesnes Harjo  
overingeniør

Gunn Helen Henne  
overingeniør

## Bakgrunn for inspeksjonen

### Ansvarlig verksemd (Kjelde: Einingsregisteret)

Organisasjonsnr (undereining): <b>971 953 357</b>	Eigd av (org.nr): <b>991 097 414</b>
Besøksadresse: <b>Kalvøya, 6729 Kalvåg</b>	Telefon: <b>57 84 44 00</b>
Bransjenr. (NACE-kode): <b>10.202</b>	E-post: <a href="mailto:pr@norwaypelagic.no">pr@norwaypelagic.no</a>

### Kontrollert anlegg

Namn: <b>Norway Pelagic AS avd. Kalvåg</b>	Anleggsnr: <b>1438.0005.01</b>
Kommune: <b>Bremanger</b>	Anleggsaktivitet: <b>Fiskeforedling</b>
Fylke: <b>Sogn og Fjordane</b>	Risikoklasse: <b>3</b>
Løyve sist oppdatert: <b>19.5.1999</b>	Saksnr: <b>1997/02607 – 461.31</b>

Inspeksjonen er gjennomført i perioden veke 16 og 17 i ein regional tilsynsaksjon av fiskeforedlings-industrien.

Fylgjande hovudtema vart kontrollert:

- internkontroll
- utsleppskontroll
- reinseanlegg
- avfallshandtering
- miljørisikovurdering

## Rapporten sin status

Denne rapporten omhandlar avvik og merknadar som vart avdekkja under inspeksjonen og gjev ingen fullstendig tilstandsvurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Denne rapporten har status som førebels. Dersom vi ikkje får melding om faktiske feil i rapporten innan 2 veker etter at rapporten er motteken, er rapporten å rekna som endelig.

## Oppfølging etter kontrollen

- Inga tilbakemelding. Fylkesmannen avdekte ingen avvik eller merknader innanfor dei områda som vart kontrollerte. Me ser difor oppfølginga etter inspeksjonen som avslutta.*
- Verksemda pliktar snarast å retta opp dei avvika som er omtala i denne rapporten. Me ber Norway Pelagic Norway AS avd Kalvåg om ei skriftleg tilbakemelding innan **25.05.12** med dokumentasjon på at avvika er retta, evt. ein tidfesta plan over tiltak som skal utførast.

## Varsel om tvangsmulkt

Dersom Fylkesmannen ikkje innan **25.05.12** har motteke ei tilbakemelding med dokumentasjon på at avviket er retta, vil Fylkesmannen fatta vedtak om tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73.

Verksemnda har høve til å kommentera dette varsllet. Eventuelle kommentarar må sendast til Fylkesmannen innan 2 veker etter at denne rapporten er motteken, jf § forvaltningslova § 16.

## Varsel om kontrollgebyr

Verksemnda skal betala gebyr for kontrollen, jf. *forskrift om begrensning av forurensning* (forureiningforskrifta) § 39-6 om gebyr for kontroll av inntil en dags varigheit i verksemder med løyve. Verksemnda er i løyvet plassert i risikoklasse (tidligere kontrollklasse) 3.

Dette inneber at verksemnda skal betala kr 11 600,- i gebyr for den gjennomførte kontrollen. Sidan gebyrstorleiken fylgjer av vedteken risikoklasse er gebyrstorleiken ikkje eit vedtak som kan påklagast.

Faktura med innbetalingsblankett vil verta ettersendt frå Klima- og forureiningsdirektoratet.

## Dokumentunderlag

- Lov av 13. mars 1981 om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova)
- Lov av 19. juni 1970 om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrolllova)
- *Forskrift av 1. juni 2004 om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta) kap. 26. Forurensninger fra fiskeforedlingsbedrifter*
- Forskrift av 1. juni 2004 om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta) kap. 11. farlig avfall
- Forskrift av 6. desember 1996 om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Løyve av 19.5.1999, gjeve med heimel i forureiningslova § 11

Informasjon om regelverket finn du på [www.klif.no](http://www.klif.no) og [www.regelhjelp.no](http://www.regelhjelp.no).

## Definisjon

**Avvik:** brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerhetslovgjevinga (for eksempel brot på krav i forureiningslova, produktkontrolllova og forskrifter heimla i desse lovene eller krav og vilkår fastsett i løyve eller dispensasjonar).

**Merknad:** eit forhold som miljøvernmyndigheitene meiner det er nødvendig å påpeike for å ivareta helse og miljø og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik

## Avvik

Klif har utarbeida førehandsdefinerte avvik knytt til tema og lista opp aktuelt regelverk til avvika. Berre avkryssa avvik gjeld dykkar verksemd, resten er kun teke med (grå kursiv) som informasjon om kontrollerte tema.

Fylgjande avvik vart konstatert under Fylkesmannen sin inspeksjon:

### **Avvik innanfor tema: Internkontroll**

#### Avvik frå:

- Internkontrollforskrifta § 5 pkt 4, 5, 6
- Forureiningsforskrifta § 26- 7

Førehandsdefinerte avvik:

- 1a Verksemda har ikkje fastsatt mål for ytre miljø.
- 1b Verksemda har uklare ansvarsforhold for oppfølging av forhold knytt til ytre miljø.
- 1c Verksemda mangla journal for heile eller deler av krava i forskrifta § 26-7
- 1d Verksemda har mangelfulle skriftlege rutiner/dokumentasjon (avvikshandtering, miljørisikovurderingar, avfallshandtering, utsleppskontroll, reinseanlegg)
- 1e Anna grunnlag for avviket:

**Kommentar:**

### **Avvik innanfor tema: Utsleppskontroll**

#### Avvik frå:

- Forureiningsforskrifta § 26-,4,5,6
- Forureiningslova § 7
- Internkontrollforskrifta § 5 pkt 2, 5 og 7
- Løyve etter forureiningslova § 11 jf. 16

Førehandsdefinerte avvik:

- 2a Verksemda har ulovleg utslepp til vann.
- 2b Verksemda har ikkje gjort tiltak for å redusera luktulempjer
- 2c Verksemda sin utsleppsleidning er ikkje i samsvar til krav i forskrifta
- 2d Verksemda har ikkje måleprogram for kontrollmåling av utslepp til vatn.
- 2e Verksemda har ikkje utført målingar av vatn og feitt i samsvar til forskrifta.
- 2f Utslippsmålingar til vatn er ikkje gjennomført for komponentar som er ført opp med utsleppsgrenser i løyvet.
- 2g Verksemda kan ikkje dokumentere at vassreinseinnretningar er riktig dimensjonert i høve til produksjonsmengd.
- 2h Vesentlege overløp manglar utstyr som anten registrerar vassmengd eller tid for overløp av ureinsa vatn.
- 2i Ureinsa overløp eller andre unormalt høge utslepp er ikkje teke med i utsleppstalla.
- 2j Prøvetaking og analyser av utslepp til vatn vert ikkje utført etter anerkjent standard. Verksemda kan ikkje dokumentera at metoden som vert nytta gjev like pålitelege resultat som anerkjent standard.

2k Anna grunnlag for avviket:

**Kommentar:**

Verksemnda må gjennom sin internkontroll ha oversikt over eigne utslepp, og sikre at vilkåra i løyvet vert oppfylt. I løyvet er det sett vilkår om feittavskiljar «*dimensjonert for ei effektiv opphaldstid på min 15 minutt, og overflatekapasitet på maksimalt 10 m<sup>3</sup>/m<sup>2</sup>h. Alternativt kan det installerast annan innretning med dokumentert like god utskiljingseffekt før prosessvatnent vert ført til sjøen*», jf. vilkår 1.1.

Verksemnda har feittavskiljar og oppgjev å ha rekna på om dimensjoneringa er god nok i høve til vassmengdene i produksjonen og krava i løyvet. Desse utrekningane kunne ikkje dokumenterast på kontrollen, og vi ber om at desse vert ettersendt. Sjå også kommentar til avvik 3a.

**Avvik innanfor tema: Reinseanlegg**

**Avvik frå:**

- Forureiningsforskrifta § 26- 3, 5
- Forureiningslova § 7
- Internkontrollforskrifta § 5 pkt 2, 5 og 7
- Løyve etter forureiningslova § 11 jf 16

Førehandsdefinerte avvik:

3a Verksemnda sitt reinseanlegg (*silanlegg*/feittavskiljar) er ikkje tilfredsstillande

3b Verksemndas reinseanlegg er ikkje dimensjonert i samsvar til kriteria

3c Overvakings- og alarmsystem er utilstrekkelege til å sikre kontinuerlig god drift.

3d Verksemnda har ikkje system for inspeksjon og vedlikehald av reinseinnretningar.

3e Kalibrering/kontroll av viktig utstyr er ikkje dokumentert (pH-elektrodar, vassmengdemålar, utstyr for dosering av kjemikaliar).

3f Anna grunnlag for avviket:

**Kommentar:**

I løyvet er det sett vilkår om at reinseanlegget skal driftast slik at dette «*alltid blir drive mest mogleg effektivt, og slik at restutsleppa til ei kvar tid blir halde på eit minimum*», jf vilkår 5.1.

I følgje verksemnda viser utrekningar av kapasiteten til feittavskiljaren at den så vidt vil vere innanfor dimensjoneringskrava som løyvet krev, så lenge ein 35 m<sup>3</sup> utjamningstank for avløpsvatn er i drift. Dimensjoneringa er for liten når det oppstår problem med utjamninga av avløpsmengdene, og dette skjer frå tid til anna. Verksemnda må gjennom sin internkontroll sikre at det ikkje skjer større utslepp til miljøet enn det som løyvet opnar for. Etersom verksemnda berre handterer feit fisk (sild og makrell) som gjev feithaldig avløp, må reinsetrinnet for feitt vere operativt og rett dimensjonert til ei kvar tid.

Analyseresultata som verksemnda har sendt inn i eigenrapporteringa dei siste åra viser til dels svært høgt innhald av feitt i reinsa avløpsvatn, noko som kan tyde på at feittavskiljaren ikkje fungerer optimalt. Sjå også kommentar til avvik 2g.

## **Avvik innanfor tema: Avfallshandtering**

### **Avvik frå:**

- *Forureiningslova §§ 7, 29 og 32*
- *Avfallsforskrifta §§ 11-4 siste ledd, 11-5, 11-8 og 11-12 (farlig avfall)*
- *Avfallsforskrifta § 9-4 (deponering)*
- *Løyve etter forureiningslova § 11 jf 16*

### **Førehandsdefinerte avvik:**

- 4a Våtorganisk avfall vert ikkje tilfredsstillande mellomagra*
- 4b Verksemda deponerar/dumpar biologisk nedbrytbart avfall på eige område utan løyve.*
- 4c Verksemda sender biologisk nedbrytbart avfall til mottak som ikkje er godkjent for det.*
- 4d Verksemda har ikkje oversikt over sitt farlege avfall.*
- 4e Farleg avfall vert ikkje levert til godkjent mottak.*
- 4f Verksemda gjev ikkje tilstrekkelege opplysningar ved deklarerer av farlig avfall.*
- 4g Farlig avfall er ikkje forsvarlig merka, oppbevart og levert innan fristen på eit år.**
- 4h Anna grunnlag for avviket:*

### **Kommentar:**

Farleg avfall skal leverast årleg til godkjent mottak, så framt ein har meir enn 1 kg, jf. avfallsforskrifta § 11-8.

Verksemda kan dokumentere å ha levert farleg avfall i 2010, og før dette i 2007. Det er ikkje levert noko farleg avfall i 2011, og verksemda opplyser å ha praksis med å samle opp til større leveransar fordi det blir for kostbart å bestille eigen transport til små mengder. Farleg avfall som stod lagra ved kontrollen, var tilfredsstillande merka og lagra innandørs.

Sjølv om verksemda ikkje genererer store mengder farleg avfall, må dette verte levert årleg. Norway Pelagic AS avd Kalvåg vil kunne levere mindre mengder farleg avfall til den kommunale miljøstasjonen.

## **Avvik innanfor tema: Miljørisikovurdering**

### **Avvik frå:**

- *Forureiningslova § 7*
- *Internkontrollforskrifta § 5 pkt 6, 7*
- *Produktkontrollova § 3a*
- *Løyve etter forureiningslova § 11 jf 16*

### **Førehandsdefinerte avvik:**

- 5a Verksemda har ikkje gjennomført miljørisikovurdering for ytre miljø.*
- 5b Miljørisikovurderinga omfattar ikkje alle tilstandar eller uynskte hendingar som er relevante for ytre miljø.*
- 5c Verksemda kan ikkje dokumentera at den har fylgt opp miljørisikovurderinga med planar og tiltak for å redusera risikoforholda.*
- 5d Verksemda har ikkje vurdert substitusjon av prioriterte stoff eller stoff med liknande eigenskapar der mindre farlege stoff er kjent/utprøvd.*
- 5e Anna grunnlag for avviket.*

### **Kommentar:**

**Andre avvik**

**Avvik frå:**

**Kommentar:**

## **Merknadar**

Fylkesmannen har fylgjande merknadar:

- Merknad 1: Internkontrollen sine dokumenterte målsetningar som gjeld ytre miljø er for lite målbare og for lite konkrete til å kunne vurdere måloppnåing i etterkant.

Verksemda kan vise til overordna mål om å minimere påverknad på ytre miljø, men dette er ikkje nærmare konkretisert i noko som kan evaluerast etterpå. Opplyst mål om å redusere kostnad for handtering av restavfallet frå 200 000 til 75 000 i løpet av året finst t.d. ikkje skriftleg.

## **Andre forhold**

Verksemda sin produksjonskapasitet for ferdig produkt er høgare enn 75 tonn per dag, og produksjonen må dermed ha eige løyve i tråd med IPPC-direktivet. Det eksisterande løyvet er av eldre dato, og må oppdaterast for å fylle formalkrava til IPPC-løyve. Fylkesmannen vil følgje opp dette som eiga sak.

Det er knytt stor usikkerheit til om innrapporterte årlege utsleppsmengder frå verksemda er korrekte, då analyseresultata som dette bygger på varierer svært mykje. Noko av svingingane vil skuldast variasjonen i råstoffet over året (Nordsjøsild og norsk vårgytande sild, og også noko makrell), og kva for type produksjon som skjer (filet, med eller utan skinn). Men også prøveuttak og handtering av prøvane kan verke inn på resultatet, og ikkje minst korleis enkeltanalysene vert vektlagt når totalutsleppa skal bereknast. Verksemda må gjennom sin internkontroll arbeide vidare med å få betre oversikt over eigne utsleppsmengder, og kvalitetssikre måleprogram, målemetodikk/rutinar, m.m.